



VEST-AGDER SKYTTERSAMLAG

DATO 16.07.2016

Uttale til ny langtidsplan frå Vest-Agder Skyttersamlag

Nemner her nokre punkt som ny langtidplan bør innehalde.

Hovedtrekk i Solli-utvalgets rapport må ut til folket og samfunnet. Det er viktig å få fremhevet DFS sine samfunnsoppgåver og betydning som samfunnsaktør.

Konkrete tiltak som foreslås er:

- 1 Lage informasjonsbrosyre som tillitsvalte kan dele ut i møter med politikarar på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.
- 2 Lage ein powerpoint presentasjon om kva dfs står for, gjerne med litt historikk, som lokale skytterlag eller samlag kan presentere, i tillegg til det dei vil ha med om eige lag eller samlag alt etter kven dei er i møte med.
- 3 Bygge opp eit opplegg slik at ein tar vare på ungdomen i overgangen til seniorklassene. Dette skjer mange gonger samtidig med at dei flytter ut på vidaregåande skule, høgskuler eller universitet. Her kan ein gi både økonomisk støtte og instruktør hjelp til skyttarlag som ligg i nærleiken av slike utdanningsentra slik at desse ikkje sluttar med skyting. Her kan det byggast inn ei rapporteringsordning i "MITT DFS" slik at ein enkelt kan gi beskjed til nytt lag når eit medlem flytter ut på utdanning og nytt lag kan invitera dei med.
- 4 La Skytingens Dag bli ein dag som laga sjølv bestemmer når den skal arrangerast. Her kan det bestemmes at den skal avviklast i t.d. mai - august. Då vil laga kunne finne den mest optimale plasseringa. Då unngår ein å legge denne dagen på konfirmasjonssundager eller andre dagar det er større tilstellingar kring om i vårt vidstrakte land. På denne måten vil ein oppnå større deltaking og publikum vil oppfatte skyttarlaget som tilpassningsdyktige.
- 5 Skifelt- og skogsløp med skyting bør få ein enklare klassestruktur. Dette er kanskje noko Sotnakk utvalet bør sjå på.
- 6 Etabler ein fast årsrapport for bane- og regionale banekontakter som sendes til skyttarkontoret med ein tidsfrist.
Med ein slik rapport vil det bli enklare for dei som har slike verv, for slik det er i dag er det vansklig å vite kva som skal med i ein slik årsrapport.

Leder

Audun Rossevætn
Kollemo
4595 TINGVATN

E-mailadresse
audun.rosevætn@online.no

Telefon
38 34 89 94
48 11 70 89

Bankkonto
3085 30 17481



VEST-AGDER SKYTTERSAMLAG

DATO 16.07.2016

- 7 Det bør kome tiltak mot lag som ikkje kan innordna seg etter vedtekne regler både sentralt og av samlag. Blir t.d. ikkje sikkerhet fulgt opp kan dei miste retten til å avvikle storvilprøva og for å få retten tilbake må t.d. banekontakten saman med politiet på befaring.
- 8 På IT sida bør skyttarkontoret saman med program- og utstyrleverandørane på elektroniske skiver lære opp "superbrukere" i samlaga. Det kan være IT kontakter der dei har interesse og anledning. Ser stadig når ein kjem til større stemner at arrangørane slit med å få alt til å fungere og få fram rette resultat.

Med helsing

Audun Rossevatn
Samlagsleiar

Kenneth Stubstad
Utdanningskontakt